

KULTURDEBATT

103099

General Fleischers tragedie

Av professor Olav Riste

Under overskrifta «Nytt lys over krigsdrama» har Olav Trygve Storvik i Aftenposten laurdag 5. desember ein hellsides artikkel om dette emnet, fokusert på bakgrunnen for at Fleischer ikkje vart forsvarssjef i 1942. Artikkelen treng ein del faktiske korreksjonar. Freistnaden på å plassere Fleischer-saka i ein «statsvitenskapelig synsvinkel», som «punktum for en lang og opprivende strid på det militærpolitiske plan» mellom ei Arbeidarparti-dominert regjering og landets «militære myndigheter» blir ståande som ein rein påstand. Der finst ikkje ein gong «indisjar» for at partipolitikk eller militærpolitikk var inne i bildet: Ingen i regjeringa – heller ikkje Venstre-mannen og heimefront-representanten Paul Hartmann eller nokon av dei andre borgarlege statsrådene – dissenterte mot personvalet til forsvarssjef-stillinga. Ingen ting tyder på at det var noko anna enn eit reint personspørsmål.

Kva så med regjeringa Nygaardsvold og forbigåinga av «eldste» norske offiser, «med høyeste rang og anseelse» ved utnemninga til forsvarssjef? Fleischer var ikkje eldste offiser. Admiral Cornelussen, som då var sjef for Sjøforsvarets overkommando, var eldre offiser enn han. Det var også for den skuld general Steffens. I rang var alle

desse (pluss eit par til) like, som generalmajorar eller kontreadmiralar, sjølv om Fleischer hadde lengst gradsansiennitet.

Her nærmar Storvik seg likevel kjernen til Fleischers tragedie, om enn frå feil vinkel. Ansiennitets- og gradshierarkiet stod overmåte sterkt hos norske offiserar av den gamle garde, og utnemningar som gjekk på tvers av denne rangordninga fekk gjerne eit preg av forbigåing som slo hardt ut hos ein ærekjær mann «av den gamle skole» som Fleischer var. I vår moderne tid har dei fleste innsett det meininglause i ei slavisk praktisering av slike prinsipp. Det er då meir enn forbløffande at ein så relativt ung mann som Aftenpostens forsvarspolitiske ekspert bekjenner seg til prinsippet!

Når det så gjeld påstanden om at Bjørn Christophersen skal ha hatt «stor innflytelse» på forsvarsmister Oscar Torp i denne saka, så skal ein ha lite kjennskap til Oscar Torp om ein trur at han let seg styre av ein relativt ung offiser som han berre hadde kjent i eit par månader. Oscar Torp var ved sida av Trygve Lie den «sterke mann» i London-regjeringa, og den «revolusjonen» han gjennomførte i militærapparatet på utefronten var i utprega grad hans eige verk. Prosessen hadde ei dobbel målsetting: Det trongst ei samordna leiing

som både kunne legge tak over evinnelege kompetansestridar mellom forsvarsgreinene og kome i nærkontakt og inngrep med det tilsvarende samordna britiske stabsapparatet.

Slik nærkontakt hadde Fleischer og hans stab, etter egne utsegner i brev til Forsvarsdepartementet tidleg i oktober 1941, korskøkt eller oppnått. Ei så passiv haldning måtte fortone seg som katastrofal for ei regjering som satsa heile sin eksistens på å sikre at Norges frigjering måtte skje under fullt omsyn til Norges egne interesser. Og der var inga tid å miste – operasjonar av ukjent omfang mot norsk område kunne kome når som helst – slik det også skjedde i Lofoten og Måløy i desember 1941.

For å oppnå slik nærkontakt med det britiske militærapparatet var gjensidig tillit nødvendig. Tillit er eit subjektivt fenomen – i dag brukar vi ofte uttrykket «personleg kjemi» om slike relasjonar. Med ei rekkje indikasjonar på at Fleischer og hans stab ikkje hadde den nødvendige tillit, spesielt hos dei britiske instansane som arbeidde med norske saker, måtte regjeringa reagere. Det kan så menn godt vere at skulda for manglande tillit låg meir på britisk enn på norsk side. Men det var berre på norsk side at regjeringa kunne gjennomføre dei personsiftende måtte til.

Det å skulle finne den rette mannen til forsvarssjef-stillinga under så spesielle forhold var sjølv sagt ei avgjerd som vart grundig drøfta – med regjeringskollegaer, og med kongen, og i fleire vendingar. Den første som fekk formelt tilbod var oberstløytnant Johan Beichmann. Han veik tilbake for å ta på seg eit så stort og tungt ansvar. Deretter, etter nye konferansar med kongen og regjeringa, vart det bestemt å tilby stillinga til major Wilhelm Hansteen.

Det er temmelig grovt, og fullstendig grunnlaust når Storvik i sin artikkel framstiller dette som at «Forsvarsmister Torp og rittmester Christophersen tilbød stillingen som forsvarssjef til major Hansteen». Til overmål finn Storvik det for godt å framheve at Hansteen inntil då ikkje hadde «hatt kommando over større avdeling enn kompani». Stillinga som forsvarssjef på utefronten kravde først og fremst eit smidig intellekt og velutvikla diplomatiske eigenskapar – og Hansteen hadde denne kombinasjonen. Få kan i dag vere i tvil om at London-regjeringa sin «revolusjon» av forsvarsleiinga på utefronten alt i alt var både nødvendig og vellykka, og at ho i Hansteen og Christophersen fann dei rette menn til ei så ansvarsfull gjerning.

Storviks skildring av Fleischers vidare lagnad treng også nokre kommentarar.

Fleischer vart ikkje «presset ut av stillingen som sjef for Hæren». Han søkte avskil fordi han – som Storvik til slutt også erkjenner – fann det «utåleilig å tjenestegjøre under en major som regjeringen hadde forfremmet til general». Altså det gamle ansiennitetsprinsippet nok ein gong. Han vart heller ikkje «sendt til Canada» under protest: På den tida var det allmenn tru på at det kunne la seg gjere å skape ein norsk hær på to-tre tusen mann – like mange som i den norske hæren i Storbritannia – av norske immigranter i Nord-Amerika. Når dette fall bort på grunn av amerikanske mobiliseringsreglar, fekk Fleischer i november 1942 tilbod om – etter på førehand å ha stilt seg velvillig til – ei stilling som militærattaché og sjef for ein norsk militærmissjon i Washington. Straks etter tok han så sitt eige liv, av grunnar som ingen av oss kan kjenne.

Eg vil gjerne tru at Storvik med sin artikkel hadde det gode formål å ære minnet om general Fleischer, ein av Norges få store feltherrar. Då er det dobbelt leit at han ikkje har forstått at Fleischers ettermæle står godt på egne bein. Hans plass i norsk historie er trygg nok og synleg nok, utan at det er behov for å stille i dårleg lys dei av hans samtidige som kom i strid med han fordi dei hadde ulikt syn på midlane til å nå det felles mål.